

Oppgaver og oppgåvefordeling

Høyrings spørsmål

- *Kva oppgaver kan og bør leggjast til merkantile stillingar? Andre oppgaver enn dei som går fram av oversikta?*

Rektor tykkjer oversikta gir eit godt utgangspunkt for ei rettleiande oppgåvefordeling. Det er viktig at skulane har noko lokal fridom når ein endeleg skal fordele arbeidsoppgåver mellom merkantilt og pedagogisk tilsette.

- *Korleis få til klare roller og klar ansvarsdeling mellom merkantilt tilsette og pedagogisk leiing?*

Klart definerte stillingsbeskrivelsar kan vere ei føremon. Eit problem er at det er vanskeleg å få desse uttømmende, det er gjerne viktigare at dei ulike oppgåvene vert gjort. Det er viktig at ein har god samhandling mellom merkantile tenester og den pedagogiske leiinga.

- *Korleis leggje til rette for god samhandling mellom merkantile tenester og pedagogisk leiing?*

Leggje til rette for gode møtepunkt mellom dei som utfører oppgåvene og dei som har ansvaret for dei. Viktig at det generelt er god kommunikasjon i «administrasjonen».

Organisasjonskart og struktur

Høyrings spørsmål

- *Kva struktur vil vere tenleg for merkantile tenester på skular med ulik storleik? Strukturen som er skissert i høyringa er eit godt utgangspunkt for ein stor skule som Knarvik vgs. Det er trong for Leiar administrasjon på store skular.*

- *Kor bindande bør merkantil struktur vere for skulane, status som rettleiande? Lokale behov må kunne spele noko inn, statusen må vere rettleiande.*

- *Bør det vere rutine for godkjenning på skuleeigarnivået av merkantil struktur ved den enkelte skule?*

Rektor bør innan budsjetttramma kunne vurdere behov for stillingar innan dei ulike kategoriane. Det bør ikkje vere godkjenning av dette på skuleeigarnivået, men gjerne ein rutine for innsending av endringar. Det er viktig at skuleeigar har eit «tilsyn» med korleis skulane forvaltar ein slik delegasjon.

- *Kva tidsplan for gjennomføring kan vere realistisk? Innføring av ny struktur gradvis?*

Det vil gjerne vere lokale skilnader som kan vere avgjerande for når det er formålstenleg for dei ulike skulane å innføre dette, dvs. at det bør innførast gradvis.

Merkantile stillingar og skulestorleik

Høyrings spørsmål

- *Korleis ser de behovet for stillingar i høve til skulestorleik?*

Knarvik vgs. («særs stor skule») har trong for om lag 5 merkantile stillingar inkl. Leiar administrasjon. Dette blir ivaretatt i tabellen i høyringsutkastet. Det er interessant at ein føreslår at det og kan/skal vere lærlingar innan t.d. kontorlaget.

Kompetansekrav

Høyringsspørsmål

- *Kva kompetansekrav bør leggjast til grunn i høve til oppgåver som er lagt til / kan leggjast til ulike stillingar?*

Det er viktig at Leiar administrasjon har høgare utdanning innan økonomi. Når det gjeld andre stillingar er det viktig at desse krava ev. vert gjort gjeldande ved nytilstjingar. Dei merkantilt tilsette har uvurderleg kompetanse som skulen har stor nytte av, men ikkje alle har nødvendigvis formell utdanning. Det må leggjast til rette for at tilsette t.d. kan ta fagbrev. Dersom ein set krav til spesiell kompetanse må det følgjast opp i lønsfastsetjingane. T.d. må løna for dei merkantile på skulane ikkje liggje etter det tilsvarande stillingar har i sentraladministrasjonen.

Kompetanseutvikling

Høyringsspørsmål

- *Kva kompetanseutvikling vil det vere det behov for?*

Det er viktig at det er relevant og praktisk opplæring som dei tilsette finn nyttig. Ein bør gjerne gjennomføre spørjeundersøking el. likn. for å kartlegge dette.